

## Arealrekneskap for utmark

# Vegetasjons- og arealtypar i Hedmark

Yngve Rekdal og Johnny Hofsten

**Hedmark er landets tredje største fylke med eit areal på 27 398 km<sup>2</sup>. Utmark utgjer 96 % av landarealet. I prosjektet "Arealrekneskap for utmark" er det henta inn data som gjev oversikt over vegetasjons- og arealtypar i utmarka i fylket.**

**Metode:** Data er samla inn i samband med etablering av eit nasjonalt arealrekneskap for utmark. Dette har basis i eit nett av 1080 utvalsflater lagt systematisk ut over landet. Kvar flate er om lag 1 km<sup>2</sup>. I Hedmark omfattar materialet 86 flater. På flatene er det utført vegetasjonkartlegging. Desse flatene utgjer ei lita, men likevel statistisk forventningsrett utvalsundersøking av arealdekket. For vegetasjonstypar med mindre enn 5 % arealdekning vil tala vera usikre.

**Naturtilhøve:** Hedmark strekkjer seg frå nord til sør, og landskapet hevar seg i store trekk frå 125 moh. i sør til toppar i nordvest nær 2200 moh. Frå kuperete åslandskap i sør, blir fleire nord-sørgåande dalar, eit viktig trekk i midtre delar av fylket. Mellom dalføra er det fjellskogar med glissen bar- og bjørkeskog, brote opp av store myrareal og åsar som stadvis når over skoggrensa. Øst for Mjøsa ligg vidstrakte flatbygder med store jordbruksareal. Dei høgare områda nord i fylket er prega av grunne


dalar, rolege lågfjell og vidder, stadvis med karakteristiske fjelltoppar. Rondane i nordvest skil seg ut med meir alpine fjellformer.

Næringsinnhaldet i berggrunnen har stor betydning for kva vegetasjonstypar som opptrer i Hedmark. Vegetasjonstypefordelinga og artsmangfaldet på næringsrike bergartar aust for Mjøsa, og nord i fylket, skil seg klart ut frå vegetasjonen på næringsfattige sandsteinar, kvartsittar, granittar og gneis som har størst areal.

Hedmark har store areal med tjukk morene i høve til andre fylke. Det er lite med fjellblotningar. I fylket er det også mykje grove smeltevassavsetninger. Nord i fylket finst mykje finkorna bresjøsediment. I nordaust er det stadvis store areal med blokkrik morene.

Hedmark har i hovedtrekk eit typisk innlandsklima med kalde vintrar og varme somrar. Årsnedbøren varierer frå rundt 750 mm sør i fylket, til 1000 mm på Sjusjøen og under 400 mm i regnskuggen i Folldalen.

**Arealdekket i Oppland:** Av 54 vegetasjons- og arealtypar i kartleggingssystemet er 35 registrert



Vegtasjons- og arealtypar i Hedmark som dekkjer meir enn 1 % av landarealet.

på utvalsflatene i fylket. Berre 5 typar har meir enn 5 % av fylkesarealet. 13 typar dekkjer mellom 1 og 5 % av arealet. To typar har høg dekning. Det er lav- og lyngrik furuskog med 20 % og blåbærgranskog 17 %.

Skoggrensa representerer eit markert skilje i vekselvilkår og landskapsbilete og utvalet av typar vil vera svært ulikt over og under denne grensa. Nær 80 % av Hedmark ligg under skoggrensa og 20 % over. Høgdegrensa for skog er noko varierande, men ligg oftest 900 - 1000 moh. Stadvis er skoggrensa senka på grunn av seterdrift, skogbrann, gruvedrift og anna avskoging. Dette er areal som vil gro til med skog dersom beitebruk og anna utmarkshausting kjem på eit for lågt nivå.

**Under skoggrensa:** Av arealet under skoggrensa er 78 % dekt av skog. Dominerande treslag fordeler seg med 43 % av skogarealet på både gran og furu og 14 % med lauv der det meste er bjørk. 5 vegetasjonstypar dekkjer meir enn 5 % av arealet. Lav- og lyngrik furuskog er størst

av desse med 25 %. Vidare følgjer blåbærgranskog med 22 %, vatn 6 %, fattig sumpskog 6 % og blåbærbjørkeskog 5 %. 10 typar dekkjer mellom 1 og 5 % av arealet.

Fordelt etter næringsgrad dekkjer fattige lav- og lyngrike skogar 31 % av arealet under skoggrensa, blåbærskogar 30 % og rike engskogar 6 %. Myr dekkjer samla 10 % av totalarealet i Hedmark. Tek ein med sumpskog utgjer forsumpa areal 19 % av fylket.

**Over skoggrensa:** Arealet over skoggrensa er sterkt dominert av to vegetasjonstypar: Lavhei, som utgjer 36 % av arealet og rishei 29 %. 2 typar har mellom 5 og 10 % dekning. Det er grasmyr med 9 % og alpin røsslynghei med 8 %. Den siste typen er typisk for sør- og austlege fjellareal i fylket. 6 vegetasjonstypar har mellom 5 og 1 % av arealet.


Kjelde: Hofsten, J., Rekdal, Y. og Strand, G-H. 2014. Arealregnskap for utmark. Arealstatistikk for Hedmark. Norsk inst. for skog og landskap, ressursoversikt 01/14



Lav- og lyngr. furuskog 20%



Blåbærgranskog 17 %



Lavhei 8 %



Rishei 6 %



Grasmyr 6 %



Fattig sumpskog 5 %



Rismyr 3 %



Engbjørkeskog 2 %



Alpin røsslynghei 2 %